



Arkivnr: 2014/558-130  
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

## Saksframlegg

### Saksgang

Uttal	Saknr.	Møtedato
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne		

## Utale til Nye Voss Gymnas - frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

### Samandrag

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne fekk ein orientering frå eigedomsseksjonen 22.04.2015 i samband med forprosjektet til Nye Voss Gymnas. Saka kom opp etter at rådet etterlyste den.

Medlemane på orienteringsmøtet; Harald Norheim, Kjell Søvik, Tore Svane og Jostein Ljones forfatta ein uttale til forprosjektet som vart sendt til eigedomsseksjonen. Det var ikkje mogleg å vente til neste rådsmøte da saka skal opp i opplæring- og helseutvalet allereie 12.05.2015.

Uttala er som følger:

*«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vart i møte 22.04.2015 orientert om forprosjektet som føreligg for nye Voss Gymnas. Orienteringa gav eit godt innsyn i planane for Voss Gymnas med omsyn til universell utforming.*

*Prosjektet er organisert som ein konkurranse der entreprenør er prosjekterande og utførande. Det vert difor stilt store krav til oppfyljing og kontroll frå fylkeskommunen for å sikre at universell utforming vert ivaretatt.*

*Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne er kritiske til at rådet ikkje har vore involvert tidlegare i prosessen, på skissestadiet, då ein lettare kan korrigera planane med omsyn til universell utforming utan at dette går ut over kostnadane i prosjektet.*

*Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ynskjer å fylje prosjektet i den vidare utforminga innvendig med omsyn til universell utforming.»*

### Forslag til avgjerd

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek at det står bak uttala forfatta på orienteringsmøte 22.04.2015 og innsendt til eigedomsseksjonen 23.04.2015.

Janne Vernø  
Leiar

Ingeborg Borgen Takle  
rådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 23.04.2015**

Her startar saksutgreiinga